



vest.

NÆRINGSRÅD



ÅRSRAPPORT 2022

Styret

Samansetning av styret etter årsmøtet 21. april 2022:

- Øyvind A. Langedal (styreleiar) – Administrerende Direktør CCB AS
- Christina Bollmann – Dagleg leiar Cornelius AS
- Kjersti Nordøy – Leader Communications Equinor ASA Kollsnes/Sture
- Kari-Anne Landro – Leiar for OPS 24/7 BKK Nett
- Gert Chr. Strindberg – Adm. Direktør Fabtech AS
- Arild Bøthun – Dagleg leiar Sartor/Drange
- Marianne Furheim – Dagleg leiar Straume Mesterbygg AS
- Anja Tanita Moen Arefjord – Rådgjevar VEX Gruppen (vara)
- Bernth Torsvik – Dagleg leiar/Gründer IDOC AS (vara)

Styret sitt arbeid

I løpet av medlemsåret har styret i Vest Næringsråd hatt seks ordinære styremøte, i samsvar med årshjul for styret. Varamedlemmar er blitt kalla inn til alle møta.

I tillegg har representantar frå styret vore engasjert i arbeidsgrupper som blant anna:

- Jury for Stormfondet, Årets bedrift og Årets fyrtårn
- Innleiande planlegging Øygardskonferansen
- Ressursgruppe skule-næringsliv
- Tilsetjingsutval ny dagleg leiar

For å styrke Vest Næringsråd som aktør, blei det gjennomført strategisamling i mars 2022. Viktige drivarar for næringslivet og prioritering av fokusområde vart drøfta. I tillegg til styret og administrasjonen, deltok ordførar Tom Georg Indrevik og kommunedirektør Johnny Breivik i delar av samlinga.

Medlemmar

Det var pr. 31. desember 2022 registrert 375 medlemsbedrifter i Vest Næringsråd. Medlemstallet er stabilt trass i krevjande situasjon for fleire bransjar gjennom det første året med krig i Europa.

Vest Næringsråd har i tillegg samarbeidsavtalar med nokre av medlemmene. Desse avtalane har tre nivå. I 2022 er det i underkant av 30 slike avtalar, fordelt på dei 3 nivåa.

Administrasjon

Vest Næringsråd er lokalisert i egne kontorlokale i Straume Teknologisenter, i tilknytning til Gründerparken Vest.

Dagleg leiar Rikard Toft Ledang sa opp stillinga siste dagen i mai, og leia organisasjonen fram til 1. september 2022. Styret gjennomførte tilsetjingsprosess i løpet av sommaren, og ny dagleg leiar, Kari-Anne Landro, har leia organisasjonen frå 1. desember 2022.

Kommunikasjonsansvarleg, Anders Ekanger har vore tilsett heile 2022.

Pr. 31. desember 2022 utgjer administrasjonen 2 årsverk i 100% stilling.

Hausten 2022 var det bruk for innleigde ressursar, spesielt bistand til Øygardskonferansen.

Styret med varamedlemmar består av 5 kvinner og 4 menn, og administrasjonen består av 1 kvinne og 1 mann. Med bakgrunn i dette ser ikkje styret behov for spesielle tiltak med omsyn til likestilling.

Vest Næringsråd har ei verksemd som ikkje påverkar ytre miljø på ein slik måte at det er laga eiga miljørapportering.

Aktivitetar

2022 starta med korona-restriksjonar for offentlege arrangement. Den situasjonen hadde vi opplevd fleire periodar frå pandemien kom til Noreg i mars 2020, men tidleg i 2022 nærma vi oss slutten. 13. januar starta gjenopninga, og 12. februar var livet tilbake til «normalen» utan korona-tiltak frå styresmaktene.

Dermed kunne Vest Næringsråd igjen endeleg invitera til frukostmøte, treff og andre samankomstar. Men perioden med krevjande hendingar på verdsbasis var ikkje over.

Om morgonen same dag som rundt hundre medlemsbedrifter stilte på Februartreffet 24. februar, gjekk Russland inn i Ukraina i det mest omfattande angrepet sidan andre verdskrig.

Pandemien var over, men no var det krig i Europa.

Norsk økonomi var på god veg tilbake til eit normalt aktivitetsnivå, men krigen la ein dempar på oppturen. Utover året steig energiprisane kraftig, renta gjekk opp og prisnivået steig på det aller meste. I tillegg kom Regjeringa sitt forslag om grunnrenteskatt, noko som snudde opp ned på rammevilkåra til oppdrettsnæringa, og investeringar lokalt blei sett på vent.

For Vest Næringsråd sin del handla det då om å vere relevant, og gjennom medlemstreff og seminar bidra til å fagleg påfyll, gje informasjon, motivasjon og byggje nettverk i situasjonen næringslivet står i.

I 2022 arrangerte Vest Næringsråd treff, webinar, frukostmøte, dialogmøte, pop-up-møte og Øygardskonferansen. I tillegg støtta Vest Næringsråd opp om arrangementa til Øygarden næringsutvikling KF, og andre møte initiert av næringslivet sjølv. Vest Næringsråd hadde også stand saman med Øygarden kommune og Øygarden næringsutvikling på HavExpo i mai og OTD Energy i oktober.

Øygardskonferansen arrangert 11. november i velferdsbygget på Equinor Kollsnes, og hadde temaet: «Episenter for grøn utvikling». 320 deltok på konferansen og 140 deltok på årsfesten. Tilbakemeldingane var positive, og Vest Næringsråd fekk vist at det er mogleg å gjennomføre dette store arrangementet ulike stader i kommunen. Ulike arrangement krev ulike innsatsfaktorar, som blir med i vurderinga når planlegginga av Øygardskonferansen 2023 startar.

Eit anna tema Vest Næringsråd har hatt særskild på agendaen er arbeidet i ressursgruppe skule/næringsliv. Denne gruppa har i 2022 vore leia av Per C. Aarsand, og har gjennomført fleire møte. I gruppa er det representantar frå Sotra vidaregåande skule, næringslivet, kommunen og Vest Næringsråd. Det viktigaste resultatet av arbeidet var ei undersøking til næringslivet med spørsmål om kva kompetanse ein vil ha bruk for i regionen i framtida. Svara blei gitt vidare til rektor og assisterande rektor på Sotra vidaregåande skule, som tar det med seg i sitt arbeid inn mot Vestland fylkeskommune og kva linjer skulen i Øygarden bør tilby.

Gründerparken Vest

Gründerparken Vest vert drifta av Vest Næringsråd på vegne av Øygarden kommune. Gründerparken Vest er organisert som ei eiga avdeling i Vest Næringsråd, med separat avdelingsrekneskap. Ved utgangen av 2022 var det 18 verksemder og i overkant av 20 årsverk fordelt på avdelingane Straume og Ågotnes.

Åra med pandemi har sett sitt preg på drifta av Gründerparken Vest. I lange periodar har det grunna korona-tiltak og restriksjonar vore lite folk til stades i parken. No når pandemien er over ser vi fleire grunnar til å gjennomgå drifta grundig, og tydeleggjera konseptet. Vest Næringsråd er difor einige med Øygarden kommune om å gjennomføra ei evaluering av drifta i løpet av hausten/vinteren 2023/2024.

Næringsalliansen

I utfordrande tider, og med stort sett dei same problemstillingane, er det nyttig for Vest Næringsråd å vera ein del av Næringsalliansen. I 2022 utgjorde den desse 16 næringsforeiningane:

Bergen Næringsråd, Askøy Næringsråd, Austevoll Næringsråd, Bjørnafjorden Næringsråd, Bømlo Næringsråd, Fikse Næringsforening - Etne og Vindafjord, Hardanger Industri, Kvam Næringsråd, Kvinnherad Næringssservice, Nordhordland Næringslag, Osterøy Industrielag, Sogn og Fjordane Næringsråd, Stord Næringsråd, Tysnes Næringsråd, Vaksdal Næringssselskap, Vest Næringsråd.

I samarbeid med alliansen har Vest Næringsråd bidratt og/eller støtta opp om fleire høyringsuttaler til styresmaktene. Når alle står saman veg innspela tyngre, og vi ser det som viktig å bidra til alliansen også framover.

Årets bedrift 2022

Årets bedrift er en heiderspris der juryen legg vekt på ei rekkje kriterium, mellom anna bedrifta sin profil og omdømme. Prisen vart første gang delt ut i 1998. Sidan den gong har 22 verksemder fått prisen for sitt bidrag til å styrke og utvikle næringslivet i Øygarden. Årets vinnar blei Torsvik Elektro.

Årets fyrtårn 2022

Årets fyrtårn blei oppretta som heiderspris i 2018. Formålet er å heidra personar, som enten gjennom selskap eller organisasjon har hatt ei positiv betydning for regionen. Årets vinnar blei Ottar Vik.

Stormfondet

Tradisjonen tru, i samarbeid med Sparebanken Vest, vart Stormfondet utdelt, denne gongen til 3 bedrifter som har prosjekt som bidrar til grøn omstilling på Vestlandet:

- | | |
|----------------------|------------------|
| - Energioptimal Vest | 100 000,- + film |
| - Hotate AS | 200 000,- + film |
| - Wastech AS | 200 000,- + film |

Årsrekneskap

Alle føresetnader er oppfylt for framleis drift av organisasjonen. Årsrekneskap er sett opp under denne føresetnaden.

Styret meiner at årsrekneskapen for 2022 gjev eit rettvise bilde av selskapet sine eigendelar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Framtidsutsikter

Uføreseielege rammevilkår knytt til inflasjon, rentenivå og skatt fører til noko større usikkerheit ved inngangen til 2023, kor fleire undersøkingar viser at delar av næringslivet er mindre optimistiske enn dei var for eit år sidan.

Eit anna moment er tilgangen på kompetent arbeidskraft. Korleis sikrar vi nok og riktig kompetanse? Arbeidsløysa er låg og det er eit auka fokus på sosial berekraft i arbeidslivet. Korleis kan ein legge til rette for at flest mogleg deltar i arbeidslivet?

Lokalt er det også drivarar som påverkar næringslivet. Infrastruktur i form av både vegnett og straumnett står sentralt for å sikre betre vilkår for eksisterande og nytt næringsliv. Bygging av nytt Sotrasamband er i gong og arbeid med arealdelen til kommuneplanen står på trappene.

Mange står i omstilling, for å møte framtida med mindre klimaavtrykk og for å ta i bruk dei moglegheitene som ny teknologi gjev i form av blant anna robotisering.

Vest Næringsråd skal halde fram med å skape relevante møteplassar, bygge kompetanse og å løfte aktuelle tema til nytte for medlemmane våre. Vi skal løfte fram medlemmane sine utfordringar og behov, og gje innspel til styresmakter og andre som påverkar næringslivet sine rammevilkår.

Styre og administrasjonen ønskjer å takke medlemmane for deira engasjement, og for at det er så mange som ønskjer å dele av tida si og kunnskapen sin, for å skape eit levande og relevant nettverk.

Straume, 09. mars 2023

Øyvind A. Langedal
Styreleiar

Arild Bøthun
Styremedlem

Kjersti Nordøy
Styremedlem

Christina Bollmann
Styremedlem

Kari-Anne Landro
Styremedlem

Marianne Furheim
Styremedlem

Gert Chr. Strindberg
Styremedlem

Kari-Anne Landro
Dagleg leiar

Dette dokumentet er signert av:

Gert Christian Strindberg

05.09.1963

Signert: 31.03.2023 10.13

Signert med BankID

Kari-Anne Landro

01.08.1976

Signert: 30.03.2023 18.03

Signert med BankID

Arild Bøthun

27.03.1979

Signert: 30.03.2023 18.43

Signert med BankID

Kjersti Nordøy

03.03.1974

Signert: 30.03.2023 19.48

Signert med BankID

Marianne Furheim

11.06.1978

Signert: 30.03.2023 19.09

Signert med BankID

Christina Bollmann Lie

07.07.1978

Signert: 30.03.2023 19.02

Signert med BankID

Øyvind Atle Langedal

07.07.1965

Signert: 30.03.2023 21.09

Signert med BankID

Du kan bruke denne linken for å verifisere signaturen på dokumentet og sjekke at dokumentet ikke er endret etter at det ble signert: <https://brd.no/signing/validate>

